



## REFERAT – KOMMUNEREFORM

### Møte på Volda rådhus

01.03.2018 kl. 09:00

#### Til stades:

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleiar  
Ann Kristin Langeland, Rådmann  
Asbjørn Moltudal, Ass. rådmann  
Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang  
Hovudtillitsvalt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter  
Joakim Rødven (referent)

#### Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>1. Framdriftsplan personalområdet</b></p> <p>Personalsjef i Volda, Berit Lyngstad, vart invitert til møtet for å leggje fram ein framdriftsplan for personalarbeidet. Lyngstad la fram ei skisse for korleis prosessen skal bli lagt opp.</p> <p>Sentrale tema i det vidare arbeidet er til dømes å utforme både arbeidsgjevarstrategi og personalhandbok, samt lage retningslinjer for nyttilsettopplæring og liknande.</p> <p>Lyngstad poengterte at mykje av slike dokument og planar eksisterer allereie i dagens Hornindal og Volda. Det kan derfor vere fornuftig å skaffe oversikta, systematisere og samle inn det som allereie eksisterer i dag og ta vare på det som i dag fungerer godt – for å så revidere ved behov ved neste høve.</p> <p>Prosjektleiaren la også til at Nye Volda har ei målsetting om å vere på høgde med den teknologiske utviklinga i kommune-Noreg, og at ein i desse temaa må sjå korleis ein kan gjere stoff lett tilgjengelege på ei plattform som er føremålstenleg (spesielt til dømes nyttilsettopplæring).</p> <p>Styringsgruppa sluttar seg til opplegget som skissert av Lyngstad.</p>	BL/LOY

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>2. Omstillingsutval</b></p> <p>Rådmann i Hornindal, Ann Kristin Langeland, løfta fram eit spørsmål om omstillingsutvalet er operativt. Berit Lyngstad opplyste om at prosessen hadde stogga litt opp i påvente av tilbakemelding frå dei hovudtillitsvalte kven som skulle representere arbeidstakarar.</p> <p>Styringsgruppa utnemnde Idar Holen og Oddbjørg Yksnøy Rangsæter som faste medlemmer. I tillegg vart Norunn Helene Holmøy-Wang og Sirikit Vågen utnemnd som varamedlemmer for høvesvis Holen og Rangsæter.</p>	BL/LOY

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>3. Drøftingsmøte med hovudtillitsvalte om administrativ hovudstruktur</b></p> <p>Styringsgruppa ser på det som føremålstenleg at det vert invitert til eit fellesmøte med alle hovudtillitsvalte i etterkant av høyringsfristen for ny administrativ hovudstruktur.</p> <p>Dette for å drøfte vidare prosess knytt til rekruttering av nye leiarar, samt for å gi informasjon om prosessen i den nye organisasjonen elles. Mellom anna kan spørsmål rundt når rettskrav vert aktuelt eller ikkje ved verksemどsoverdraging til ny kommune takast opp på dette møtet.</p> <p>Dato vart sett til torsdag 5. april frå klokka 14.00-16.00.</p>	RS

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>4. Retningsval interkommunalt samarbeid – prosess vidare</b></p> <p>Prosjektleiaren bad kommunikasjonsrådgjevaren om å syte for at relevant informasjon vert gitt ut til aktuelle partar (media, nettside, sentrale aktørar).</p> <p>Vegen vidare vil verte å skaffe ei totalt oversikt over avtalar, slik at ein kan starte på prosessen med å avklare kva for avtalar som skal seiast opp og kva for avtalar som skal prolongerast. Prosjektleiaren føreslår at oversikta vert ferdigstilt innan september/oktober 2018, slik at ein då kan leggje fram ei samlesak for Fellesnemnda der ein vedtek kva avtalar som eventuelt skal seiast opp/prolongerast.</p>	JR  RS/ delegerete ressurspersonar

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>5. Prosess på kontorlokale</b></p> <p>Berit Lyngstad orienterte kort at det vert jobba med å danne eit utkast til romoversikt på Volda rådhus. Eigedomssjef i Volda kommune, Kjell Magne Rindal, jobbar med saka og har snart klart eit utkast for romkabal for kontor.</p> <p>Lyngstad legg til at det per i dag er ein del å hente i kjellaren og i 3. etasje på Volda rådhus. Spesielt i 3. etasje er det ein del store kontor som til dømes kan delast inn i mindre kontor. I tillegg må ein sjå på kva funksjonar som skal leggjast til Smia på Grodås.</p> <p>Prosjektleiaren føreslår at dette vert sett opp som eiga sak på neste møte i Styringsgruppa, der eigedomssjefen vert invitert for å orientere om saka.</p>	KMR

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>6. ROS-analyse</b></p> <p>Assisterande rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal, og kommunikasjonsrådgjevaren har i haust/vinter jobba med å utarbeide forslag til ei ROS-analyse for samanslåingsprosessen.</p> <p>Her har dei sett på eventuelle negative hendingar som kan oppstå i samband med kommunereforma. Denne analysen vil sjå på risiko/sannsyn for at eventuelle negative hendingar kan oppstå i samanslåingsprosessen.</p> <p>Prosjektleiaren føreslår at Styringsgruppa set av ekstra tid på neste møte den 5. april 2018 og gjennomfører ROS-analysen.</p>	Styringsgruppa

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p><b>7. Organisasjonsnummer</b></p> <p>Asbjørn Moltudal opplyste om at dersom Nye Volda skulle ønske å behalde seg av eksisterande organisasjonsnummer, så skal dette vere OK for KMD.</p> <p>Dei to kommunane må då sende inn ei oversikt over dei nummera som skal vidareførast til den nye kommunen, og kva for nummer som skal slettast frå og med 01.01.2020. Ann Kristin Langeland vil sende alle dei eksisterande organisasjonsnummerna som Hornindal kommune har i dag til Asbjørn Moltudal.</p>	AKL/AM

<p>Med tanke på kommunens hovudorganisasjonsnummer var Styringsgruppa samde om at det mest fornuftige vil vere å behalde noverande Volda sitt organisasjonsnummer.</p> <p>Prosjektleieren argumenterte for dette mellom anna på bakgrunn av at organisasjonen ikkje har kapasitet til å følgje opp anbodsprosessar på alle kommunale- og interkommunale avtalar som eventuelt måtte ha blitt inngått på nytt innan 2020.</p>	
--	--

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p><b>8. Nye næringar på gamle tufter</b></p> <p>Prosjektleieren orienterte kort om prosjektet, som vart teke opp som ei orienteringssak på Fellesnemnda den 22. februar. Dette er eit ordførarinitiert prosjekt som dreier seg om nye arbeidsplassar og tilrettelegging for nye arbeidsplassar for naturbaserte næringar i kommunane Hornindal, Stranda, Volda og Ørsta.</p> <p>Resultatet av forprosjektet er at «Nye næringar på gamle tufter»-prosjektet ser føre seg å starte opp éi stilling i eit eige aksjeselskap allereie frå august 2018. Hornindal og Volda gjev eit årleg tilskot som skal dekkje lønns- og kontorkostnad til denne personen, som vil ha kontor på Smia.</p> <p>Ambisjonen er å få med fleire kommunar på prosjektet slik at ein kan få ei ekstra stilling frå 2020.</p> <p>Sjurgard føreslo at det vert å legge fram ei felles sak for både Hornindal og Volda kommunestyre, der ein finn ut korleis ein skal fordele kostnadene til å dekkje stillinga som vert oppretta allereie i august 2018.</p>	

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p><b>9. Vegnamn – sak for kommunestyra</b></p> <p>Til Fellesnemnda den 22. februar vart det lagt fram ei orientering om at det er nokre vegnamn i dei to kommunane som er like eller tilsvarande like. Desse må/bør endrast i samband med kommunesamanslåinga.</p> <p>Denne prosessen er det teknisk sektor som køyrer, og det vert å legge fram ei felles sak for begge dei to kommunestyra. Anita Brenna Muldsvor i Hornindal kommune koordinerer saka.</p>	ABM

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>10. Informasjon etter møte med Sunnmøre Museum</b>	I eit møte med Sunnmøre Museum kom det positive signal om at det kan vere aktuelt å overføre Anders Svor museet til Sunnmøre Museum frå 2020. Museet skal vidare ta kontakt med fylkeskommunen med tanke på eventuell driftning frå 2020.

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>11. Ev. ajourføring av prosjektplanen</b>	Asbjørn Moltudal og Rune Sjurgard ser på dette ved neste høve.

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
12. Eventuelt	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Avlevering av arkiv</b> – Det vart reist spørsmål om Hornindal skal levere arkiv til Møre og Romsdal eller til Sogn og Fjordane. Styringsgruppa meiner det vert mest naturleg at dette går til Sogn og Fjordane. Prosjektleiar føreslår at Hornindal kommune sjølv får avgjere kva som er den beste løysinga.</li> </ul>	AKL
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Erfaringsseminar 11-12.april</b> – Styringsgruppa føreslår at medlemmene + prosessleiar for digitalisering/IKT, Paul Ottar Tornes, deltek på dette. Ordføraren i Hornindal og Volda får sjølv vurdere om dette er noko dei ønskjer å delta på.</li> </ul>	Styringsgruppa
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Tannhelseteneste</b> – Stortinget har starta ei kartlegging av kommunal interesse for å ta over tannhelseteneste. I SOGF vert det frist den 18. mai å gi tilbakemelding om kommunen ønskjer å ta over denne ansvaret. Prosjektleiaren har grunn til å tru at det er politisk interesse for å ta over dette ansvaret frå 2020. Asbjørn skal i møte med Fylkestannlegen 5. mars, og dette kan vere eit naturleg emne å ta opp. Det vert så å lage sak til Fellesnemnda til møte 19. april der ein tek stilling til om Nye Volda skal søkje om å ta over dette ansvaret frå 2020.</li> </ul>	AM
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Personvern</b> – Personvernombod Silje Klepp vil arrangere eit kurs for tilsette i H og V, der det vert forklart korleis dette skal sikrast på ein god måte. Også ein person frå KINS (kommunal informasjonssikkerhet) vil kome for å gi ein god gjennomgang på kva dette dreier seg om.</li> </ul>	SK
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Domstol</b> – Prosjektleiar orienterte om at det vert naturleg at nye Volda kommune vil høyre til Søre Sunnmøre tingrett, då</li> </ul>	

<p>domstolen held til ved tettstaden Volda. Det vert å ta opp denne saka i Fellesnemnda ved neste høve.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Sommarfest</b> – Som eit tiltak for sosialisering og kulturbygging mellom dei tilsette i dei to kommunane løfta prosjektlearen tanken om å arrangere eit sommarfest for alle tilsette – også for politikarane. På grunn av kapasitet til å få planlagt denne samlinga komande vår, vart det føreslått å heller arrangere ein slik fest på hausten. September vert skissert som eit høveleg tidspunkt. Dette kan drøftast i Fellesnemnda på neste møte.</li> <li>• <b>Informasjon VGS</b> – Kommunikasjonsrådgjevaren held kontakt med Stig Olav Lødemel for meir informasjon.</li> <li>• <b>Ny tilsett i organisasjonen</b> – Paul Ottar Tornes, ny prosessleiar for digitalisering/IKT fekk presentert seg for Styringsgruppa. Han skissere kort kva han tenkjer å starte med i ny jobb, og korleis han ser føre seg å jobbe framover.</li> <li>• <b>Mandat helse og omsorg</b> – Etter bestilling frå Styringsgruppa leverte leiarane for Helse, Pleie og Omsorg i dei to kommunane eit mandat for å leige inn konsulentbistand for å vurdere dagens tenestetilbod i sektoren. Tanken med denne konsulentbistanden er å vurdere kvaliteten og nivået på tenestetilboden i dei to kommunane i notid og framtid med eksterne auge. Det er ikkje intensjonen å sjå på ny organisering av sektoren, men å få ei fagleg vurdering av tenestetilboden som blir gitt.</li> </ul>	<p>RS Fellesnemnd JR/SOL SBR/RAaK/ME</p>
---	--

Møtet slutt kl. 10:56

Volda, 01.03.2018



**Joakim Rødven**  
**Kommunikasjonsrådgjevar**  
**Samfunn og Rådgjeving**  
**Mobil 48229993**  
[www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no)